

Lita skrift

Møk

Det var vår i lufta. Ute på markene spreidde bøndene møk, og me hadde den gamle, gode skitlukta med oss i bilen ned gjennom heile dalen. Sola skein, fuglane kvitra og sjåføren slo til med ein liten song då me passerte Vinstra:

– O, sole mio!

Me kjende ein snev av lukke, men så ringde telefonen. Sjåføren er stolt maskinentreprenør med store gravmaskiner og digre bulldosarar. Midt i songen tok han telefonen.

– Good Morning. Is it Mister Gra-
veinstein, spurde røysta i andre
enden.

Sjåføren heiter ikkje Gra-
veinstein, men namnet passar
fint, og eg finn ingen grunn til å
avsløra det rette namnet.

– I am calling from London, sa
røysta kjekt.

Eg såg på sjåføren. Han sakka
på farten. Andletsfargen for-
lèt han. Han såg både uroleg og
bekymra ut, og greidde ikkje å
seia stort meir enn «good mor-
ning», før det vart stilt.

Røysta frå London hadde
ikkje tenkt å gje seg. Ho dura i
veg. Det var tydelegvis ein sel-
jar. Men sjåføren visste råd. Han
hadde hatt folk frå London på
tråden før, og brått utstyttte
han eit torever av lydar.

– FAKRGRRRYYLLKLIRRR...

Først kvakk eg skikkeleg. Eg
hadde aldri høyrte nokon uttryk-
kja seg så eksplosivt før. Det
minte meg om ei god, gamal-
dags kortslutning. Det spraka,
knitra og small heftig nokre
sekund. Så vart det heilt stilt.
Stilt som i grava. Sjåføren sat
der med telefonen i neven og
blikket stivt retta mot vegen
framfor oss. Brått høyrde me
røysta frå London på nytt.

– Are you okay, mister Graven-
stein?

– NOOOO, ropte sjåføren for-
tvila, før han braut samtalen.

Det vart stilt på nytt, men
eg byrja å tenkja på den gon-
gen eg hadde teknisk engelsk
på yrkesskulen. Mutter, avbi-
tar, vasspumpetang og røyr-
tang på engelsk? Eg har for
lengst gløymt dei engelske orda.
Og det kjem eg på medan eg
sveivar ned bilruta og lèt den
stramme lukta strøyma inn.

– Møk, sa sjåføren, veit du
kva møk er på engelsk?

– Det er merde på fransk,
men møk på engelsk kan eg
ikkje, vedgjekk eg.

– Der ser du. Du kan ikkje
engelsk, du heller, slo han fast.

FYLL

Arkivert

– Når eg ringjer
Rikshospitalet,
svarer Kripes!

Stein Ørnhoi (SV)

kjende seg overvaka

Dag og Tid, 2. september 1977

Korfor står tyrkiske styrk

Krig og terror har i fleire år rive sund staten Syria. Det handlar om fleire krigar som dels er innblanda i kvarandre. Ein av dei blir knapt nemnd i norske medium.

KOMMENTAR

ERLING FOLKVORD
erfolk@online.no

President Recep Tayyip Erdoğan i Tyrkia sende for eit år sidan stridsvogner og soldatar over grensa. Amerikanske fly var med. Dei heldt det syriske flyvåpenet på avstand. Den lovlege regjeringa i Syria hevda at Tyrkia braut folkeretten. Tryggingsrådet gjorde ingenting.

EIN FREDELEG INVASJON

Byen Jarablus, som Daesh hadde styrt i to år, var det første krigsmålet. På invasjonssdagen sende Anadolu, det statseigde pressebyrået i Tyrkia, ut meldingar frå time til time:

18.20: Dei tyrkiske styrkane står i utkanten av byen, og rykker no fram mot sentrum.

19.00: Tyrkisk kontroll over halve byen.

19.50: Heile byen er under tyrkisk kontroll.

Det var ingen tyrkiske tap. Dagen før hadde Daesh flytta ein stor del av eigne styrkar vekk frå Jarablus-området. Verda har aldri sett ein kortare, fredelegare og meir sigerrik krig mot Daesh.

Professor David L. Phillips ved Columbia University var utanriksrådgivar for tre amerikanske presidentar før Donald Trump. Han var ikkje i tvil: Ankara laga ein avtale med Den islamske staten før dei invaderte. IS skifta heilt enkelt til FSA-uniformer i staden for å yte motstand. Jarablus vart «frigjord» frå IS så å seie utan eit einaste skot.

FSA er Den frie syriske hæren. Desertørar frå regjeringshæren oppretta FSA i 2011. Dei har fått pengar og våpen frå mellom anna Saudi-Arabia, USA og Tyrkia. Sidan den gongen har mange væpna grupper gått inn og ut av FSA. Ein stor del av invasjonsstyrken kom frå slike grupper, men i FSA-uniform og under tyrkisk kommando, med våpen og stridsvogner frå Tyrkia og flystøtte frå USA.

TYRKIA-DAESH-ALLIANSE?

Rudaw, ei kurdisk avis i Irak, intervjuar i februar 2013 leiaren i ei av dei mindre jihadistgruppene i Nord-Syria. «Tyrkia hjelper oss militært, moralsk og humanitært», sa han. Gruppa hans, FSA og nokre til slost då frå gate til gate i grensebyen Sere Khaniye.

Eg var i byen ein månad

etterpå. Det var våpenkvile. FSA-soldatar stod framleis på grenseposten. Dei viste oss eit øydelagt pansra køyretøy. Dei som hadde trekt seg tilbake, hadde ikkje fått det med seg over grensa. For å seie det enkelt: Dei små jihadistgruppene som Tyrkia støtta i 2013, klarte ikkje å knuse det nye kurdiske sjølvstyret. Daesh, som var sterkare militært og ideologisk, og står nær president Erdogan, vart ein muleg erstattar.

I oktober 2014 opplevde eg tyrkisk samspel med Daesh på utriveleg nært hald. Vi var utafor Kobané. Daesh-offensiven mot byen var inne i den tredje veka. Vi stod på den tyrkiske sida av grensegjerdet, nær nok til å sjå framrykkinga frå time til time. Stridsvogner og bakkestyrkar nærma seg sentrum.

Vi fekk husly hos ein småbrukarfamilie. To kraftige eksplosjonar vekte oss i halv tre-tida. Jordgolvet rista slik at eg var sikker på at huset ville ramle ned over oss. To rakettar frå syrisk side av grensa hadde trefft nabohuset. Heldigvis sov ingen der den natta. Rakettane kan berre ha kome frå det Daesh-kontrollerte området.

Husverten og naboane fortalde at dette ikkje var uvanleg. Daesh sende ofte tungt skyts mot landsbyar på tyrkisk side. Naboane gjentok spørsmålet dei aldri fekk svar på: Korfor



Før skulestart i 2009 sende utdanningsdirektoratet i Istanbul ut ein CD-rom med dette kartet til bruk i grunnskulen. Kypros, delar av Syria, Irak, Bulgaria, Georgia og Armenia er fargelagde som delar av Tyrkia i samsvar med Den nasjonale påakta frå 1920. Då saka vart offentleg kjend, sa sjefen for utdanningsdirektoratet at det var ein glipp, og at kartet ikkje skulle brukast i undervisninga.

protesterer Tyrkia aldri på dei grensekryssande åtaka på tyrkiske statsborgarar?

VÅPENTRANSPORTAR

Augevitne hadde sett både våpentransportar og væpna menn passere grensa til «Daeshland». Dei var forundra over at vi europearar ikkje visste det. I landsbyane langs grensa var det ein del av kvardagen.

Ein av våpentransportane vart seinare mediekjend. Ein politistasjon nær grensa fekk 19. januar 2014 eit anonymt tips: Våpensmuglarar er på veg mot Syria. Politiet rykte ut. Dei stansa to trailerar fullasta med

våpen. Trailerane viste seg å tilhøyre MIT, den militære tryggingstenesta.

Cumhuriyet, den eldste dags-avisa i Tyrkia, publiserte seinare foto og videoopptak. Folk fekk sjå våpenlasta og konfrontasjonen mellom det lokale politiet og væpna menn frå MIT. Sjefredaktøren i Cumhuriyet vart dømt for forræderi. Fengselsstraffa var fem år og ti månader.

Professor Anne Speckhard har studert valdeleg ekstremisme i fleire tiår, og har hatt oppdrag for USA, NATO og internasjonale organisasjonar. Ho og ein tidlegare avdelings-sjef i tyrkisk antiterrorpoliti har intervjuar 13 avhoppingar frå Daesh. Alle levde på hemmeleg adresse i Tyrkia. Dei to skriv mellom anna: «Ein tidligare emir fortalde oss at ISIS (Daesh) hadde vore i stand til å bygge tusenvis av propantankbomber med hjelp frå forsyningar som dei henta inn gjennom Tyrkia.»

Dei nemner òg at Erdogan-regjeringa alltid såg den andre vegen når tusentals støttespela-

Sjølv om styresmaktene nektar, finst det eit fjell av bevis for at Tyrkia sørgde for våpen, pengar og anna støtte til islamistane i Syria.



Tyrkisk artilleri på veg mot Jarablus i Syria 26. august 2016. Erdogan kan bli den første statssjefen i NATO som flytter egne grenser med krig. Foto: Ismail Coskun/NTB scanpix